

Vi i Bruviksdalen

Prosjekt Tongane

Partar/Grunneigarar

Dette prosjektet er inngått mellom grunneigarar til Gnr 157 og Gnr 156 i Osterøy kommune og følgende bruk;

Gnr 157

- Bnr 44 Parsell av tidlegare kommunal eigedom Bnr 3
- Bnr 4 Gunhild Dale

Gnr 156

- Bnr 3 Jon Sølve Løvteit, eigar av parsell/Bnr 4 nemt over
- Bnr 2 Magne Stokke/Solveig Stokke (indirekte med grense mot elv)

og

- Eivind Hagenes med avtale om leigejord på Gnr 157 Bnr 4 og Gnr 156 Bnr 2

Bakgrunn

I Bruviksdalen er det relativt få attverande aktive bønder. Dei fleste bruka har driftsavtale med dei få aktive og dei delane som effektivt kan utnyttast, vert drifta. Difor vert store deler av arealet ikkje nytta og skjøtta fullt ut. Det er difor teke eit initiativ til samarbeid slik at større del av arealet kan nyttast og pleiast i eit forsøk på å ivareta kulturlandskapet. Initiativet vart gjort i samarbeid med landbruksmynde på Osterøy og er godt motteke blant grunneigarar.

Dette prosjektet 'Tongane' er det første i sitt slag der ein legg til rette for samarbeid mellom både aktive bønder og grunneigarar for øvrig.

Målsetning

Målet er å ta kulturlandskapet tilbake og utnytte dette i større grad til landbruksføremål. Samstundes vil ein søka å leggja til rette for utvida bruk for friluftsføremål og her større grad av elvefiske.

Landbruk

Området har tidlegare vorte nytta som beiteområde for kyr og hest. Det har også lagt føre planer om oppdyrking til grasproduksjon og dette var grunnlaget for eigarskifte av parsellen Gnr 44 frå Osterøy kommune som tidlegare eigar og Gnr 156 Bnr 4 som eigar i dag.

Tur-/rekreasjon/fiske

Elvane Krekåna og Storåna gjennom heile dalføret har ørretforekomst, men har ikkje vorte fiska i nokon grad med det resultat at størrelsen på fisken er minimal. Området Tongane er eit elvefar med sandbunn og var i 'gamle dagar' også nytta til badeplass for både små og store. Området er godt eigna for utvida rekreasjon (tur/fiske)

Generelt

Området er svært sentralt midt i dalføret og ved opning i vegetasjon, siktlinjer og aktivt bruk bidra til at topografien framstår som langt meir imøtekomande og attraktiv for både ferdande til fots, forbi-passerende med bil og hytter i området. Aktiv bruk av området vil difor verta eit positivt innslag for heile dalføret som landbruks- og rekreasjonsområde.

Opning og siktlinjer vil også løfta fram Vassdal skule/grendahus som vil verta synleg for ålmenta ved passering langs hovedveg. Denne historiske bygningen vert godt ivareteken og 'verna gjennom aktiv bruk' og forvaltninga er ivareteken av eit eige styre.

Prosjektutgreiing

Aktivitetar knytta til prosjektet:

- ✓ Rydding og tynning av den delen som gjeld produktiv skog
- ✓ Rydding av kratt og tilrettelegging for inngjerding
- ✓ Sikring av soner med ueigna grunnforhold
- ✓ Tynning langs elvefar og soneopning for lett fiske
- ✓ Montering av gjerde både permanent og mobilt strømgjerde
- ✓ Beiting med ammekyr/kalv, yngre storfe og evt geiter etter behov
- ✓ Tilrettelegging av ferdsle langs elvefar.
- ✓ Tilrettelegging med fiskehytter og/eller grillplass.
- ✓ Rydding av unytta gammalt 'forureinande' utstyr ved sagbruket
- ✓ Skiltig og merking
- ✓ Framheving av gamal bureisingsplass
- ✓ På lengre sikt vurdering og tilrettelegging for grasproduksjon på deler av området
- ✓ Kultivering av fiskebestanden

Arealfordeling

Prosjektområdet er i hovedsak naturleg avgrensa slik:

- Bruvikdalsvegen mot Øst
- Storåna Tongane mot sør og vest
- Elva Krekåna og Vassdalstjørna mot Nord

Arealet har følgande marktypar iflg. Gardskart NIBIO:

Gnr 157 Bnr 4 Produktiv skog 9,7da Anna markslag 5,1 da

Gnr 157 Bnr 3 (Parsell Gnr 44) Produktiv skog 7,7 daAnna markslag 29,9 da

Gnr 156 Bnr 2 er eigar av sørside av Storåna, men er kun indirekte berørt av vegetasjon langs elva

- Samla areal som inngår i prosjektet 52,4 da
- Herav produktiv skog 17,4 da

Areal nemt som 'Produktiv skog' består av noko bjørk eigna for vedformål samt nokre furuer lite eigna for tømmerformål. Området er dekkja av relativt tett underskog av bjørk, selje og furu samt einer og kratt.

Faseinndeling

Fase 1; Beitebruk; skogsrydding og inngjerding

Fase 2; Tursti og fiske; rydding langs elvefar og tilrettelegging med fiskerhytte og grillplass og badeplass

Fase 3; Grasproduksjon; moglege oppdyrking av deler av området.

Fase 4; Kultivering av ørretbestanden i vassdraga

Budsjett

Prosjekt Vi i Bruviksdalen – Prosjekt Tongane – Budsjett

		Fase 1	Fase 2	Fase 3	Fase 4
		Beitebruk	Friluft./Fiske	Grasproduksjon	Fiskekultivering
Utstyr	Skogsmaskin, traktor e	10 000	5 000	20 000	50 000
Gjerde	1 000 m Sats 85,- pr	85 000			
Gjerdeutsl	Strømapparat	7 500			
Materialbruk		3 000	25 000	10 000	
Driftsmateriell		2 250	2 500		
Arbeidstid	Timer Sats, 350,-	26 250	17 500	35 000	70 000
Sum		134 000	50 000	65 000	120 000

Søknaden gjeld støtte til Fase 1 – Førebuing til beitebruk og Fase 2 – Tilrettelegging for tur/elvefiske.

Formell søker er Prosjektleder Geir K Vassdal (eigar av Gnr 157 Bnr 1) på vegne av aktiv bonde Jon Sølve Løvteit (Gnr 157 Bnr 44) som har rollen ' Primærnæring og næringsmidler' og Grunneigar Gunhild Dale (Gnr 157 Bnr 4) .

Dokumentasjon

Billedserie

Kartoversikt

Prosjektutgreiing

Jon Sølve Løtveit

Jon Sølve Løtveit (Gnr 156 Bnr 3 og Gnr 157 Bnr 44)
157 Bnr 4)

Eivind Hagenes

Eivind Hagenes (Bnr)

for

Gunhild Dale (Gnr

Oddvar Dale

Geir K Vassdal

Prosjektkoordinator Geir K Vassdal (Gnr 157 Bnr 1)